

Skuldar Arcus for fagforeiningsknusing: Full strid om splittelse

TVIST: Det planlagte vedtaket om å skilje ut distribusjonsselskapet Vectura frå Arcus-konsernet har skapt full splid mellom leiinga og dei tilsette.

ARBEIDSLIV

Av Hanna Haug Røset

Arcus-Gruppen sitt varsla vedtak om å skilje ut distribusjonsselskapet Vectura frå konsernet har skapt full strid mellom leiinga og dei tilsette.

Fagforeiningane meiner leiinga sin motivasjon er å splitte dei fagorganiserte for å kunne dumpe løns- og arbeidsvilkåra dei tilsette har i dag.

No har foreiningane bestemd seg for å gå til tvistesak.

–Vi meiner prosessen ikkje har gått riktig føre seg, og at dei bryt hovudavtalen, seier Lasse Hansen, hovudtilsvalsval for Handel og Kontor til Klassekampen.

Dersom utskiljinga blir vedteke vil Vectura bli overført til Arcus-Gruppen sitt eigarselskap Arcus-Gruppen Holding AS. Konsekvensen blir at i underkant av halvparten av konsernet sine 430 tilsette i Noreg, ikkje lenger vil jobbe for Arcus-konsernet.

Dei tre fagforeiningane som organiserer Arcus-tilsette – Handel og Kontor, Norsk nærings- og nytelsesmiddelarbeiderforbund og Overordnede funksjonærers forening – er bekymra for at dei Vectura-tilsette vil miste tariffavtala med Arcus-Gruppen.

Saknar økonomisk analyse

– Vi kan ikkje sjå nokon anna grunn til at dei gjer dette enn at dei reknar med å sleppe unna med billigare tariffavtaler etter splittinga, seier Lasse Hansen.

Han fortel at fagforeiningane fleire gonger har etterlyst ein analyse av dei økonomiske konsekvensane.

– Vi trur ei splitting vil innebære auka økonomiske kostnader og risiko, og har difor bedt leiinga om å rekne på



AVVISER SKULDINGANE: Arcus-sjef Otto Drakenberg seier utskiljinga av Vectura ikkje er eit forsøk på å dumpe løns- og arbeidsvilkåra.

FOTO: NTB SCANPIX

FAKTA

Arcus-gruppen:

■ Arcus-Gruppen er ein leiande nordisk aktør innan produksjon, sal og distribusjon av vin og brennevin.

■ Fredag vil styret i Arcus-Gruppen mest sannsynleg vedta å skilje distribusjonsselskapet Vectura ut frå konsernet.

■ Fagforeiningane hevdar konsernet si hensikt er å svekke arbeidsvilkåra. Dei meiner Arcus bryt hovudavtala og kjem til å gå til tvistesak.

■ Arcus tilbakeviser påstandane og viser til at Vectura er i økonomisk krise.

dette, men vi har berre fått til svar at dette ikkje er naudsynt.

No mobiliserer dei tilsette til protest utafør Arcus sitt hovudkontor i forkant av konsernstyremøtet der utskiljinga etter planen skal bli vedteke.

Driv dårleg

Vectura er eit heileigd dotter-selskap i Arcus-Gruppen som for eit drygt år sidan flytta inn i Arcus sitt nybygde

hovudkontor på Gjelleråsen.

I fjor hadde selskapet eit negativt driftsresultat på 134 millionar kroner, og så langt i år har dei tapt over 50 millionar kroner, ifølge Dagens Næringsliv. Likevel meiner fagforeiningane det er for tidleg å gjere endringar i forvaltninga av selskapet, for å gjere drifta meir lønsam.

– Tidspunktet er heilt på trynet. Ein må forvente ein innkjøringsprosess med heilt ny teknologi og nye operasjonelle måtar å arbeide på. All erfaring tilseier at dette tek tid, og ingen veit enno korleis tala ser ut om eit år eller to, seier Hansen.

Men, så god tid har ikkje Arcus-sjef Otto Drakenberg. Til Dagens Næringsliv førre fredag uttalte han at «Vectura er i økonomisk krise. Da må vi snu hver sten for å gjere selskapet lønsomt så fort som mulig. Vectura har tapt sin egenkapital, og det kreves grunnleggende endringer i forvaltningen i selskapet».

Drakenberg hadde ikkje høve til å snakke med Klassekampen før avisa gjekk i trykk.

hannar@klassekampen.no

BORGERLIG KAOS?

Klassekampen rydder opp
i rotet.



**MER ENN BARE SPILL –
GI BORT KLASSEKAMPEN
I VALGKAMPEN**



*Gi bort til
fire og få kjekt
soppnett med
tre rom.*

Se www.klassekampen.no